

Toppidrettstilbod ved Høyanger videregående skule



IL Høyang og Høyanger videregående skule samarbeider for å gi elever moglegheit for å satse på toppidrett. Dette er for elevar som både går på stud.spes og på yrkesfag.

Frå hausten 2024 vil vi tilby toppidrett fotball. Frå hausten 2025 kan det også bli tilbod om handball, og etter kvart ev. fleire idrettar

IL Høyang har eit utviklande idrettsmiljø som gir deg høve for å lage grunnlag for vidare stasing mot toppidretten. To av dei som har tatt steget ut i nasjonal og internasjonal fotball frå IL Høyang sitt fotballmiljø er Siri Nordeide Grønli og Even Hovland.

Elevane på yrkesfag og stud.spes er i same treningsgruppe. Spesielt for yrkesfagelevane er dette eit tilbod som er etterspurt i heile landet. Nå tilbyr vi det ved Høyanger vgs.

På yrkesfag vil toppidrett vere ein del av yrkesfagleg fordjuping og kompetansemål vert henta frå toppidrett 1 og 2. Det er også mogeleg å få

standpunkt karakter i programfaget Toppidrett 1 for elever på yrkesfag dersom ein har plan om påbygg Vg3.

Stud.spes ha tilbod om toppidrett frå Vg1. Du kan velje om du vil ha toppidrett som trening eller om det skal inngå som programfaget toppidrett 1 og 2.

Modellen vil vere slik at du får trene to gonger i veka om morgonen. Fredag vert det trening frå 14-16, og ca annakvar fredag langøkt frå 08.30. Dette gir kjærkomen trening i ei satsing der potensialet ditt kan utviklast. Dyktige trenarar med idrettsudanning og erfaring frå Sogndal og Stabæk vil sørge for progresjon i utviklinga di. Du blir ivaretatt som ein «24-timars» utøvar der du får tilrettelagt for individuell utvikling og utvikling tilpassa lag og kamparena. Du kan velje om du vil spele for din eigen klubb eller forsøke og bli ein del av Høyang sitt kamptilbod.

Elevane på yrkesfag og stud.spes vil gå saman på toppidrettstilbodet.

Toppidrett 1- Læreplanplan

<https://www.udir.no/lk20/idr05-02/kompetansemaal-og-vurdering/kv283>

Toppidrett 2 - Læreplan

<https://www.udir.no/lk20/idr05-02/kompetansemaal-og-vurdering/kv284>